



## Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet		
Kommunestyret		

## Tertialrapport 1 og budsjettrevisjon 2025

### Vedlegg

- 1 Vinje kommune - rapport langsiktige finansielle aktiva per 30.04.2025
- 2 Gjeldsrapport Vinje per 30.04.2025
- 3 Referat etter synfaring Rauland Kyrkje
- 4 Søknad Vinje kommune.pdf
- 5 Rapport 1. tertial Vinje sjukeheim

### Dokument i saka

Årsbudsjett 2025 og økonomiplan 2025 – 2028

[https://appublishframsikt-staging.azurewebsites.net/2025/vinje/dfed998b-8a0b-48f0-9077-94bfbe072d45/mr-202504-fyrste\\_tertial/#/home](https://appublishframsikt-staging.azurewebsites.net/2025/vinje/dfed998b-8a0b-48f0-9077-94bfbe072d45/mr-202504-fyrste_tertial/#/home)

### Bakgrunn

Kommunelova, forskrifter og økonomireglement legg opp til tertialvis rapportering til formannskap og kommunestyre. Tertialrapport for månadene januar til april inneheld økonomirapport og samandrag av rapportane frå tenesteområda. Kommunedirektøren legg også fram forslag til justeringar av 2025-budsjettet.

### Vurdering

Revidert nasjonalbudsjett vart lagt fram i mai og som fylgje av dette er KS sin prognosemodell for skatt og rammetilskot oppdatert. Konsekvensane for Vinje er at kommunen samla får ei auka inntekt på kr 1,5 mill., gjennom auka rammetilskot med kr 3,25 mill, og reduserte skatteinntekter med kr 1,75 mill. Det blir også påpeika at pensjonskostnadene vil auke monaleg, hovudsakleg som fylgje av ny offentleg AFP som vart innført frå 1. januar 2025, men at meirkostnadene knytt til dette i sin heilskap skal dekkjast av rammetilskotet.

I fjor vart det lagt fram forslag til nytt inntektssystem, med hovudmål om å sikre ei betre omfordeling mellom kommunane, slik at innbyggjarar i heile landet opplever å få gode og

likeverdige tenester. For Vinje kommune tydde endringa ein reduksjon i skatteinntekter, men overgangsordningar skulle føre til at kommunen ikkje skulle koma dårlegare ut i 2025 enn i 2024.

I budsjettet for 2025 vart det teke høgde for lønsvekst i tråd med føringane i statsbudsjettet, og forventa lønsvekst var då på 4,5 %. I slutten av mai kom partane til einigheit, og lønsoppgjeret har ei forventa ramme på 4,4 %. Basert på dette, bør avsett lønsbuffer vera tilstrekkeleg til å dekkje årets lønsoppgjær.

I budsjettet vart det sett av kr 1,5 mill til prisbuffer, som kan fordelast mellom tenesteområda ut frå behov. Prisveksten er merkbar hjå alle, men særleg opplever Helse og meistring prisvekst på medisinsk forbruksmateriell og Teknisk drift og infrastruktur innom vegvedlikehald og brøyting. I tillegg ser ein prisvekst på ein del tenester kommunen kjøper utanfrå knytt til ulike kommunale samarbeid. Prisbufferen er ikkje fordelt enno, men dette vil bli gjort løpande utover hausten.

Kommunestyret vedtok i samband med budsjettet at kommunen skal ta imot inntil 30 flyktningar i 2025. Så langt i år har kommunen busett 10 flyktningar, og det er signalisert at fleire vil koma utover hausten. Ein ser at fleire flyktningar har flutt ut att frå kommunen, særleg det siste året. Nokon flyttar til andre kommunar i landet, nokon flyttar attende til Ukraina, medan andre flyttar til andre europeiske land. Ved budsjettering av integreringstilskotet på kr 40,5 mill. vart det lagt til grunn mottak av 35 flyktningar i 2025 og ikkje tatt høgde for at fleire kom til å flytte ut av kommunen. Basert på desse endra føresetnadene rår kommunedirektøren til at budsjettert integreringstilskot blir redusert med kr 1,5 mill, og at budsjettert introduksjonsstønad under budsjettamma til Helse og meistring blir redusert tilsvarende. Det er fordelt frå integreringsbuffer gjennom året, og det står no att kr 3,2 mill av denne bufferen. Særleg melder oppvekst om behov for tilføring frå integreringsbuffer, då det er behov for lærekrefter og ressursar knytt til born og elevar med flyktningbakgrunn.

Budsjettert utbytte frå VTK blir redusert med kr 1,5 mill. Prognoser viser på noverande tidspunkt eit utbytte på kr 5,7 mill, men kor stor del av resultatet som faktisk blir utbetalt som utbytte blir ikkje vedteke før i slutten av juni. Ein må eventuelt koma attende til dette i rapporten for andre tertial.

Kommunedirektøren har tidlegare vist til at kommunen har eit premiefond i KLP, som kan brukast til framtidige premieinnbetalingar. I 2024 vart det bruka om lag kr 16,5 mill. av dette fondet, for å jamne ut eit høgt premieavvik og betre likviditetssituasjonen til kommunen. I 2025 har det vorte tilført om lag kr 41,7 mill. til dette premiefondet, ettersom KLP oppnådde svært god avkastning i 2024. Saldo på kommunens premiefond er no på om lag kr 62 mill. Også i 2025 tek kommunen sikte på å bruke delar av dette fondet til premieinnbetalingar, ettersom det også i år er forventa eit toleg høgt premieavvik, som fylgje av høg forventa løns- og prisvekst. Premieavviket blir inntektsført i år, medan 1/7 av beløpet blir utgiftsført kvart av dei neste 7 åra. For å jamne ut slike svingingar og sikre mest mogleg stabile inntekter/utgifter vil ein bruke av premiefondet i år. Slik treng ein ikkje å utgiftsføre så høge beløp dei komande åra, og får heller ikkje ei kunstig høg inntekt i år.

Kommunen vil halde att delar av fondet, då det grunna høge forventa reguleringspremiar framover og store akkumulerte premieavvik over mange år, er venta høge utgifter i dei komande åra.

Kommunens kraftinntekter er som i fjor meir stabile enn tidlegare år, ettersom mykje av kraftmengda var sikra før ein gjekk inn i det nye året og ein heller ikkje har sett like store prissvingingar som for eit par år sidan. Så langt i år er gjennomsnittleg spotpris i NO2 (vårt prisområde) på 74,6 øre/kWh. Dersom ein tek omsyn til at kommunen får tildelt kraft over månadsblokkmodellen (meir volum om vinteren) har korrigert gjennomsnittspris så langt i år vore 75,7 øre/kWh. Gjennomsnittspris for portefølja vår slik status er per 30.04.2025 viser ein pris på 74,1 øre/kWh. For året er ca. 75 % av kraftmengda sikra, og forventa netto inntekt blir halde uendra på kr 85 mill.

*Marknadskommentar frå Ishavskraft AS: «Ved inngangen til 2025 var hydrologien sterk. Sett bort ifra to kortere perioder i januar og februar var temperaturene over normalen i NO2. Mildvær førte også til tidlig snøsmelting og magasinifyllingene har vært over normalen gjennom hele tertialet. Smelting og lite nedbør tidlig på våren har imidlertid resultert i et betydelig underskudd av snø i fjellet. Estimert ressursituasjon, inkludert snø og grunnvann, ved utgangen av kvartalet var på rundt 4 TWh under normalen for NO2.*

*Prisen på tysk kraft er viktig for prisingen i Norden, og særlig for NO2. I perioden januar til april steg tyske spotpriser 57 prosent målt mot i fjor. Den sterke hydrologien gjennom vinteren har redusert priskoblingen mellom tyske og sørnorsk spotpriser.*

*Råvareprisene har vært preget av støyen rundt tollkrigen og dens potensielle påvirkning på global vekst og fremtidig energietterspørsel. Gassprisene er ned 25 prosent fra toppen i februar. Oljeprisen har vært ned mot 60 dollar fatet, noe som er det laveste nivå siden starten av 2021. I likhet med andre finansielle markeder falt også CO2-kvotene betydelig, men har siden hentet seg noe inn igjen.*

*Fremover vil utviklingen i hydrologien være avgjørende for grad av priskobling mellom NO2 og kontinentale kraftpriser. I en underskuddssituasjon vil kraftprisene i NO2 kobles tettere mot det kontinentale kraftnivået, som for sommeren ligger rundt 30 øre/kWh opp fra dagens terminprising. For årene 2026 – 2028 ligger prisnivået nå på rundt 65 øre/kWh i NO2, men utfallsrommet er stort. Hydrologi, råvarepriser og valutakurs er alle bevegelige deler som har stor betydning for kraftprisen i årene som kommer.»*

Kommunedirektøren understrekar at det framleis er knytt usikkerheit til prognose for resten av året, ettersom alt volum ikkje er sikra på noverande tidspunkt. Det kan framleis koma større svingingar som kan påverke samla inntekt i monaleg grad. Ein bør halde av midlar på fond til å kunne dekkje eventuelle svingingar for resten av året, samt vera restriktiv med tanke på nye løyvingar som ikkje er lovpålagt.

Budsjetterte inntekter frå KKST (Konsesjonskraftstyret i Telemark) vart lagt på nivå med vedteke budsjett i styret i KKST, og viste i underkant av kr 40 mill. for Vinje. Revidert budsjett viser uendra beløp.

Avrekninga mellom kommunen og fylket/KKST for 2024, resulterte i at Vinje kommune fekk tilbakebetalt kr 6,9 mill. I tillegg leverte KKST eit betre resultat i 2024 enn budsjettet, som vart avsett til fond som del av rekneskapsavslutninga for 2024.

Sjukefråværet er toleg likt samanlikna med fyrste kvartal 2024, med ein reduksjon frå 7,86 % til 7,76 % samla for kommunen. Det samla fråværet har vorte redusert frå januar til april, frå 8,2 % til 6,7 %. Tal for heile året 2024 viste 7,64 %.

Så langt i 2025 er det helse og meistring, oppvekst og reinhald som har det høgaste sjukefråværet med høvesvis 7,3 %, 8,8 % og 10,5 %, medan organisasjon og innovasjon er blant dei tenesteområda som har det lågaste fråværet med 4 %.

## DRIFT

Dei sentrale inntektene endrast slik:

- Rammetilskot kan aukast med kr 3,25 mill. i tråd med KS sin prognosemodell.
- Skatteinntekter bør reduserast med kr 1,75 mill. i tråd med KS sin prognosemodell.
- Eigedomsskatteinntektene kan aukast med kr 50.000 basert på eigedomsskattegrunnlag frå Skatteetaten (som me mottok etter at budsjettet vart handsama i desember).
- Konesjonsavgifter kan aukast med kr 4.005.000, og bør setjast av til konsesjonsavgiftsfondet.
- Utbytte bør reduserast med kr 1,5 mill., basert på prognoser...
- Integreringstilskot blir redusert med kr 1,5 mill., og ramma til HEM blir redusert tilsvarande.

Dei ulike tenesteområda er nærare omtala i den digitale tertialrapporten i Framsikt. Det er viktig å vera klar over at me låg etter med bokføring av sjukelønsrefusjonar og at dette arbeidet fyrst vart meir ajour i mai. Altså manglar det større inntekter i tala som blir presentert i tertialrapporten i Framsikt per april, då desse inntektene er bokført i mai (medan tertialrapporten altså omhandlar perioden januar-april).

Det er behov for fylgjande korrigeringar i tenesteområda:

- Kommunedirektøren
  - Kommunedirektøren gjennomfører i 2025 det førre kommunestyrets vedtak om å evaluere administrativ organisering. Utgiftene til dette vil beløpe seg til kr 375.000, fordelt på kr 50.000 til innkjøpsfagleg bistand frå Innkjøpskontoret og kr 325.000 til Telemarksforsking for oppdraget. Det er ikkje rom for å ta dette innanfor vedtatt budsjetttramme.
  - Når det gjeld studenttiltak, så har 7 USN-studentar meldt flytting til Vinje denne våren, og det utløyser tilskot på kr 7.000 til kvar.
  - Kommunedirektøren ber samla om å få tilført kr 425.000 til inndekking av desse tiltaka.
- Helse og meistring
  - Som nemnt innleiingsvis og under sentrale inntekter så blir ramma til Helse og meistring redusert med kr 1,5 mill. knytt til reduksjon i introduksjonsstønad.
- Teknisk drift og infrastruktur
  - Stikkrenne og kummar Grungedal kr 200.000: Det har kome eit ynskje frå grunneigar om at kommunen utbetrar ei stikkrenne under kommunal veg. Grunneigar har utbetra dreneringssystemet på dyrka mark, men kommunen må utbetre eksisterande stikkrenne for å få koble dette saman.
  - Urnelund / minnelund ved Rauland kyrkje kr 300.000: Rauland Sokn ynskjer å vurdere etablering av urnelund/minnelund ved Rauland Kyrkje. Referat frå synfaring og møte mellom kommunen, soknerådet og kyrkjeverja er vedlagt saka. Kommunedirektøren rår

til at dette tiltaket blir handsama i budsjettet for 2026, og har ikkje teke høgde for dette i si tilråding i denne saka.

- Gjevarvatn og etterbetaling av vegtilskot til Seljord kommune kr 42.000: Seljord kommune ynskjer ikkje å bidra til oppgradering av vegen til Gjevarvatn no og kommunedirektøren rår til at Vinje kommune ikkje betalar attende tilskot til Seljord kommune for 2021-2023 på kr 134.000. Tilskot for 2024 utgjer omlag kr 42.000 og vert utbetalt i tråd med avtale. Det pågår dialog med eigarar av Hyttedalen massetak om utbyggingsavtale i samband med eventuell utbetring av vegen fram til avkøyrsla til massetaket. Me kjem attende med eiga sak om dette når eventuelle drøftingar er ferdige.
  - Teknisk drift og infrastruktur ber om å få tilført kr 242.000
- Kultur, næring og fritid
    - Forprosjekt hotelltomta kr 120.000: Vinje kommune ynskjer å utvikle hotelltomta i Åmot med eit nytt program som skal vere attraktivt for fastbuande og besøkande, med særleg fokus på ungdom. Kommunen har etablert ungdomsklubb i gamle Vinjebue, men ungdommane manglar attraktive møtestader utandørs. For hotelltomta ynskjer kommunen å sjå på korleis ein kan "hekte ned" urbane kvalitetar og omforme desse til ein stadeigen, "rurban" karakter. Kaleidoscope bistår med kartlegging- og innsiktsarbeid.
    - Syrbekk-markering kr 30.000: Vinje kommune markerte at det er 80 år sidan hendingane på Syrbekk i år. Markeringa blei gjennomført med ein lukka del med familiar, militærpersonell og andre tilknytte, og ein open del der alle var med, inkludert generelt publikum.
    - Skjotebane i Rauland kr 200.000: Det vart i samband med hytteutbygginga ved Rukkemo gjort vedtak om flytting av skjotebanen. Det vart gjeve ein lovnad frå kommunen om å erstatte denne skjotebanen når ein finn eigna stad å legge ein ny. Skyttarlaget har i mange år synt tolmod, og fann at steintaket ved Gothol kunne vera aktuell. Det synte seg at grunneigarar i nærleiken var skeptiske og stogga planane. Administrasjonen har saman med skyttarlaget hatt ein ny runde og har no landa på å sjå på moglegheitene for å lage til eit innandørsanlegg. Det har vore ekskursjon til liknande anlegg og ein ser at eit slikt anlegg ville imøtekoma mykje både i høve til skyttarlaget og lokale, men og eit tilbod til tilreisande og hyttevinbyggjarar.
    - Kultur, næring og fritid ber samla om å få tilført kr 350.000.

Oppsummert rår kommunedirektøren til fylgjande endringar av driftsbudsjettet:

	Endring
Rammetilskot	-3 250
Skatt på inntekt og formue	1 750
Eigedomsskatt	-50
Utbytte	1 500
Konsesjonsavgifter	-4 005
Integreringstilskot	1 500
Kommunedirektør	425
Teknisk drift og infrastruktur	242
Helse og meistring	-1 500
Kultur, næring og fritid	350
<b>SUM</b>	<b>-3 038</b>

**Tabell 1**

Legg ein saman endringane i tabellen blir resultatet som fylgjer:

- Auka inntekt til konsesjonsavgiftsfondet med kr 4.005.000
- Bruk av disposisjonsfond med kr 647.000
- Bruk av næringsfond med kr 320.000

Elles har ein hatt ute første utlysingsrunde med utleigebustader med tilvisingsavtale. Kommunen har ikkje mottatt konkrete tilbod, men har blitt oppmoda om å setje ein utvida frist til hausten i år. Kommunedirektøren ønskjer difor å gje utleigeaktørane ein ny frist til 19. september med dei rammene som kommunestyrevedtaket sette.

## INVESTERINGAR

Når det gjeld investeringsbudsjettet er det trong for å gjere justeringar på nokre prosjekt. Dette er gjort nærare greie for i kommentarfeltet i tabell 2 under.

Prosjektnamn	Beløpsjustering	Kommentar
Tilrettelegging Vinje raude kross	3 500 000	Korpsteiar i Vinje Haukeli raude kross søker om garasje plass i Rauland brannstasjon. Sjøå vedlagt søknad i saka
Forprosjekt overvasshandtering Heddebru - Midtveit	300 000	Det er trong for å gjere noko med overvasshandtering i Haukeli frå Midtveit/Heddebru og ned til Midtveittjønni. Eksisterande ledningar har for liten kapasitet og det er problem med oppstuvning i rør og overvatn inn på tomter og i vegar. Det blir føreslått eit forprosjekt i år og eventuell gjennomføring i 2026.
Rauland renseanlegg	-2 400 000	Prosjektet kan nedjusterast på grunn av utsett ombygging av innløpsarrangement. Nitrogenrensekrevet vil kunne utløyse omfattande ombygging ved Rauland renseanlegg og TDI anbefalar difor å avvente bygging av nytt forbehandlingsanlegg ved reinseanlegget no. Resterande midlar på prosjektet blir nytta til optimalisering og igangsetting av line to ved anlegget.
Rauland skule forprosjekt	-2 100 000	Med bakgrunn i vedtak i kommunestyret 27.mai skal det utgreiast ei løysing i høve nybygg på eksisterande tomt. Dette medfører at ramma i år kan nedjusterast noko då dette vil ta noko tid, men krev mindre kostnader i år enn fyrst tenkt.
TS-tiltak Drotning	600 000	Tiltaket vil vere ein del av kollektivsatsinga i kommunen som skal syte for å legge til rette for offentleg transport ved sentrale vegar i kommunen.
Motortrekk Vinjehuset	100 000	Det er krav frå heiskontrollen at nye heisar for scenerigg vert installert. Dei gamle heisane er ikkje lenger godkjent og riggane vil måtte demonterast grunna tryggleiks krav.
Grunnerverv GS-veg Austbø	1 000 000	Bistå Telemark fylkeskommune med grunnerverv på prosjektet GS-veg Austbø
	<b>1 000 000</b>	

**Tabell 2**

Det blir altså lagt fram forslag om tre nye investeringsprosjekt:

- Søknad frå Raude kross i Vinje: søknaden er vedlagt saka, og gjeld garasje plass ved Rauland brannstasjon.
- Forprosjekt overvasshandtering Heddebru – Midtveit: Det er trong for å gjere noko med overvasshandtering i Haukeli frå Midtveit/Heddebru og ned til Midtveittjønni. Eksisterande leidningar har for liten kapasitet og det er problem med oppstuvning i rør og overvatn inn på tomter og i vegar. Det blir føreslått eit forprosjekt i år og eventuell gjennomføring i 2026.
- Det blir også rådd til at kommunen løyver kr 1 mill. til grunnerverv knytt til G/S-veg Austbø. På grunn av manglande kapasitet hjå fylkeskommunen er det ynskjeleg at Vinje kommune tek seg av grunnerverv på GS-veg Austbø. For å oppretthalde framdrifta på prosjektet er det såleis ynskjeleg at kommunen set av desse midlane. Eventuell vidare framdrift og finansiering må ein kome attende til. Telemark fylkeskommune har løyvd 30 millionar kroner til prosjektet og oppstart av anleggsarbeid er tenkt i 2026.

Summen av justeringane blir ei auke i investeringsbehovet med kr 1 mill. Endringane medfører i tillegg noko endring i finansiering knytt til momskompensasjon:

- Momskompensasjon blir redusert med kr 20.000
- Bruk av konsesjonsavgiftsfondet blir auka med kr 770.000
- Fylket gjev tilskot til trafikksikringstiltaket i Drotning med kr 250.000.

Då kommunestyret vedtok opprinneleg budsjett for 2025 vart det vedteke å finansiere kr 1 mill. til vedlikehald av kommunale vegar frå disposisjonsfondet. Tiltaket gjev rett til momskompensasjon på kr 200.000, og resterande kr 800.000 bør finansierast frå konsesjonsavgiftsfondet i staden for disposisjonsfondet. Det blir difor rådd til dette i kommunedirektørens framlegg til vedtak i denne saka.

Kommunen har fått tilsagn frå Husbanken om eit investeringstilskot knytt til ombygging/utviding av Norheimstunet på om lag kr 21 mill. Me kan søke om delutbetaling på 40 % ved oppstart, men ettersom me ikkje har fått vedtak på delutbetalinga blir ikkje budsjettet justert enno. Det ligg altså an til at me kan få utbetalt kr 8,4 mill. i vår/sommar. Me kjem attende til dette i rapporten for andre tertial.

For meir informasjon viser me til den digitale tertialrapporten i Framsikt, som ein finn ved å fylgje lenka nemnt øvst under «Dokument i saka». Her ligg det også ei oppsummering av status på verbalvedtak som vart fatta i samband med budsjetthandsaminga i desember. Det ligg vedlagt saka også ein rapport frå Vinje sjukeheim, med status og oppsummering av 1. tertial.

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak**

1. Tertialrapporten blir godkjent slik den er lagt fram.
2. Driftsbudsjettet endrast slik det går fram av tabell 1 i saka. Dette medfører fylgjande endringar i finansiering:
  - a. Disposisjonsfondet blir redusert med kr 647.000.
  - b. Næringsfondet blir redusert med kr 320.000.
  - c. Konsesjonsavgiftsfondet blir styrkt med kr 4.005.000.
3. Investeringsbudsjettet endrast slik det går fram av tabell 2 i saka, med samla endring av investeringsbehovet i 2025 på kr 1.000.000. Endringane i tabell 2 medfører fylgjande endringar i finansiering i 2025:
  - a. Momskompensasjon blir redusert med kr 20.000.
  - b. Auka bruk av konsesjonsavgiftsfondet med kr 770.000.
  - c. Tilskot frå fylket aukar med kr 250.000.
  - d. Finansiering av vedlikehald av kommunale vegar med kr 800.000 blir endra frå disposisjonsfondet til konsesjonsavgiftsfondet.